I byggeområde: generelle byggeområde, bustad og næringsområde merka med R på plankartet, kan ikkje utbygging skje før kommunaltekniske anlegg og samfunnstenester som energiforsyning, kommunikasjon m.v., er etablert eller sikra tilfredsstillande kapasitet.

Estetiske omsyn § 20-4, 2. ledd bokstav b:

Nybygg og tilbygg/påbygg skal så langt råd er, tilpasse seg landskap og eksisterande bygg på ein god måte. Dvs. ta omsyn til gardstun/bygningar, kulturminne med høg kulturverdi i alle utbyggingsområde samt å innordne seg terreng, vegetasjon og tomtstruktur, og til eksisterande bygg og bygningsmiljø når det gjeld volum, form, materialar og farge. Ved utbygging skal det så langt råd er, leggjast vekt på å ta vare på overordna grøntdrag.

Det er dotter til eiga av 10/2 som no skal overta eigedomen.

Løysingar for vassforsyning og avlaupsordning vert uendra. Erklæring om rettar til slik vidare bruk for ny eigedom ligg ved.

Løysing for frådeling er drøfta med kommunen i høve omsøkte arrondering og løysing for avkøyring til kommunal veg m.m.

Vidare er det av landbrukskontoret tilrådd dispensasjon i høve til jordlova for omsøkt deling. Jf. kopi av tilråding som ligg ved.

Kommunen er i utgangspunktet positivt innstilt til søknaden.

Før vidare handsaming vert saka sendt dykk for uttale/innspeil.

Frist for innspeil vert sett til 28.09.2017.

Ved ein feil i våre interne rutinar og etterfylgjande ferietid, har saka blitt unødig forseinka hos oss. Om de har høve til raskare tilbakemelding enn ordinært avtala høyringsfrist er vi takksame for det.

Med helsing

Per Heltne
fagansvarleg, plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 16/1738	Avg. UTV
Løpenr.	Sns Perhel
25 SEPT 2017	
Arkivdel: Bygg	
Klassering P:	
Klassering S:	

Volda kommune
Deling av eiendom gnr10 bnr2
Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder ingen særskilte merknader.

Mvh

Anders Smith-Øvland

overarkitekt

Plan og analyse

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf: 71 28 02 41 / 959 99 801

anders.smith-ovland@mrfylke.no

mrfylke.no



VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2017/1733	10998/2017	1519/10/2	SKAARA	10.08.2017

1519 GNR/BNR 10/2 - SØKNAD OM DELING AV LANDBRUKSEIGEDOM, ARVE DIGERNES

Saksframlegg til Volda kommune – handsaming etter jordlova.

ePhorte saksnummer i Volda kommune: 2016/1738

1519 gnr/bnr 10/2 – tilråding til vedtak etter jordlova.

Tilråding til vedtak:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 07.02.2017, frå Arve Digernes. Det vert søkt om deling av bustadtomt på 1,0 daa frå gnr 10 bnr 2.

Med heimel i jordlova §§ 9 og 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til omdisponering av 0,5 daa og frådeling av 1,0 daa slik det er søkt om. Grunngevinga er at delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen vesentleg og ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen.

Utskrift til:

Saksvedlegg:

1. Søknad om deling frå Arve Digernes, dagsett 07.02.2017

Samandrag av saka:

Arve Digernes søker om frådeling av hus med tomt på 1,0 daa frå gnr 10 bnr 2.

Saksopplysningar:

Søknaden gjeld deling av bustadtomt på 1,0 daa frå Håskjold fremre gnr 10 bnr 2 i Volda.

Søknaden er dagsett 07.02.2017, og vart av Volda kommune oversendt til landbrukskontoret Ørsta Volda for jordlovshandsaming 07.08.2017.

Søkjaren Arve Digernes er eigar av Håskjold fremre gnr 10 bnr 2. Landbrukseigedomen er totalt på 81 daa – fordelt på 2 teigar, og med desse markslaga:

Fulldyrka jord	Overflate - dyrka jord	Innmark s- beite	Skog sær s høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uprod. skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebyggd
23,5	7,9	19,7	0	7,4	0,3	0	1	0	3,4	16,5	1,1


Eigedomen har to våningshus (Kleiva nr. 44 og 45), driftsbygning og garasje.

Føremålet med søknaden er å dele frå 1 bustad med tomt (Kleiva 45) på om lag 1,0 daa.

Arealet ein søker ligg i eit hjørne mot byte til bnr 1 og mot privat veg.

Tomta dannar ein trekant her.

I AR5 er om lag halve tomta registrert som overflatedyrka jord, og resten er anna fastmark (tun).




I kommunedelplanen for Volda sentrum ligg tunområdet i planområde kor det kan oppførast spreidd busetnad. I medhald av pbl. §20-4 andre ledd, bokstav c, er det for tida 2009-2021, bestemt slik lokalisering og omfang:

-

LNF – B3: 76 daa stort område kor ein kan ein oppføre inntil 3 nye bustader

-

Ein kjenner ikkje til kva tidlegare delingar/bygging som har skjedd med heimel i plan innanfor B3.



Det har så langt ikkje kome høyringsinnspel frå Fylkeskommune eller Fylkesmannen.

Ein har gått gjennom basar for å sjå om tiltaket er i konflikt med ulike tema. Ein fann då at huset er SEFRAK-registrert, ingen andre treff.

Vurdering og konklusjon:

Ved handsaming etter jordlova § 9 (omdisponering) og §12 (deling) må ein syne til rundskriv: M-1/2013 Omdisponering og deling.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpakting, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova. Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området. Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

I dette tilfellet er halvparten av omsøkt areal dyrka mark. Ein må difor og vurdere søknaden etter § 9 Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Vurderingar:

Tema:	Vurdering:
Ressurs for eigedomen:	Arealet er tunareal dyrka jord opp mot tunet. Sjølv om arealet framleis ligg som dyrka jord vil det ved ei deling vere lausrive frå hovudbruket. I dag er det ikkje drift på garden som tilseier bruk for to bustadhus.
Driftsmessig tilkomst:	Plasseringa av hus og tomt er god.
Temabasar i Kilden:	Ingen i rimeleg nærleik.
Påverknad for drifta av landbrukseigedomen:	Liten påverknad.
Delinga – ein må vere budd på ... :	Ein kan ikkje rekne med å få byggje hus nr. 2 seinare. Ein må vere budd på landbruksaktivitet på nærliggjande veg då denne går fram til anna landbrukseigedom. Ein må og vere budd på aktivitet på tilgrensande dyrka jord.
Plassering:	God då det vert liggjande inntil vegen, og for seg sjølv i høve tunet.
I høve til planstaus:	Ein har her opna opp for spreidd busetnad gjennom bruk av LNF-sone B, med inntil 3 nye bustader.

Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper i høve landbruk. Ein kan ikkje sjå nemnande ulemper knytt til delinga.

Denne saka gjeld deling av tomt til bustad på 1 daa.

Vurderinga skal sjå til at eigedomen etter ei deling har nok ressursar for ei framtidig drift, og ikkje vert vesentleg svekkja. Ein kan ikkje sjå at delinga har avgjerande innverknad på gardsdrift i området.

Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi at ei deling ikkje vil svekkje landbrukseigedomen vesentleg. Med heimel i jordlova rår ein til løyve

til deling etter §12. Ein vil heller ikkje gå imot at ein her får omdisponere 0,5 daa overflatedyrka jord.
Etter det ein kan sjå er og delinga i samsvar med gjeldande plan.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

HØRINGSUTTALE SAK 2016/1738 – DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN/DELPLAN

Ein viser til sak 2016/1738, som er lagt ut til offentlig ettersyn. Saka gjeld deling av eigedom GBR 10/2, Volda kommune.

Som sektoreining har Mattilsynet etter plan- og bygningslova uttalerett og høve til å kome med eventuelle motsegn i plansaker som omhandlar m.a. drikkevatn. Ein seier seg lei for at uttalen frå Mattilsynet blir sendt i etterkant av oppsett høyringsfrist.

Bakgrunn

Den nye eigedomen vil bli tilknytt eksisterande vassforsyning. Etter det Mattilsynet får opplyst vil det kun vere to husstandar som nyttar denne vasskjelda. Ein går ut i frå at dette er ein *fjell*/brønn. Alder, tilstand og kapasitet på brønnen og leidningsnettet, samt informasjon om teknisk utforming av brønnen og området rundt vasskjelda (tilsigsområdet) kjem ikkje fram av sakspapira. Dokumentasjon på vasskvaliteten er heller ikkje lagt ved søknaden.

Basert på dei opplysningar som kommer fram av søknaden vel Mattilsynet å gi en generell uttale.

Vurdering

Mattilsynet føreset at drikkevasskvaliteten blir regelmessig kontrollert, og at analyseresultata stettar krava i drikkevassforskrifta. I følge ROS- analysen er avløpssystemet sårbart, og vil bli særskilt vurdert. Det må sikrast at konstruksjonane som er knytt til vassforsyninga er tette og ikkje vert ureina av avløpsanlegg og andre forureinande installasjonar og aktiviteter i området.

I følge den nye drikkevassforskrifta som tredd i kraft i 2017 skal alle vassforsyningsanlegg som forsyner fleire enn ein abonnent registrerast. Det vil komme meir informasjon om dette så snart det elektroniske registreringssystemet er på plass.

Konklusjon

Mattilsynet har ingen merknadar til saka utover det som er nemnt ovanfor.

Med helsing

Lennart Floyd Berge
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Kopi til:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Julsundveien 9, Pb 2520, 6404 MOLDE



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Ingvild Kalvatn

Arkivsak nr.: 2017/1442

Arkivkode: 92/ 1

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

73/17

Forvaltningsutvalet

24.10.2017

KLAGE PÅ LØYVE TIL OPPFØRING AV REISKAPSHUS, GBR 92/1

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet ser ikkje at det kjem frem nye moment i klaga som gjer grunn til endra haldning i saka og held soleis fast på vedtak 189/17, datert 29.08.2017.

Vedleggsliste:

Søknad om tiltak, datert 17.07.2017

Merknad frå nabo, datert 14.07.2017

Merknad frå nabo, datert 15.08.2017

Kommentar frå søkjar, datert 18.08.2017

Løyve til tiltak, datert 29.08.2017

Klage frå nabo/advokat, datert 13.09.2017

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Bjørkedalen

Samandrag av saka:

Trygve Helset har fått løyve til oppføring av reiskapshus og etablering av avkjørsel i gardstunet. Nabo Jacob Kolbein Helset er usamnd i plassering og hevdar tiltaket vil hindre utsikt, skape støy og lukt. Løyvet som vart gitt i saka er påklaga av Advokatfirmaet Holvik & Angelshaug AS på vegne av nabo Jacob Kolbein Helset. Vi rår til at vedtaket vert ståande.

Saksopplysningar/fakta:

Trygve Helset søker om opparbeiding av avkjørsel og oppføring av reiskapshus i nærleik til gardstunet sitt. Reiskapshuset er opplyst nytta til lagring av landbruksutstyr. Tiltakshavar har ønskje om vegen, slik at han ikkje treng å kjøre gjennom tunet, der det til tider oppheld seg mykje folk/turistar.

Nabo Jacob Kolbein Helset leverte merknad til tiltaket, han leverte også ein merknad noko seinare, dette gav kommunen samtykket til då det var ferietid. Seinare vart løyvet påklaga av Advokatfirmaet Holvik & Angelshaug AS på vegne av Jacob Kolbein Helset. I klaga vert det vist til at han er usamd i plassering og hevdar tiltaket vil hindre utsikt, skape støy og lukt.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunal økonomi

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen konsekvens

Vurdering og konklusjon:

Området er i kommunedelplan for Bjørkedalen vist som LNF-sone A som berre opnar for tiltak som har direkte tilknytning til landbruksnæringa. Etter det som er opplyst i søknad vurderer vi dette til å vere eit tiltak som fell innunder formålet i plan og det er difor ikkje behov for nokon dispensasjon.

Det vert hevda av klagar at kommunen ikkje har føreteke ein tilstrekkeleg vurdering av plassering til bygget. Som det står i gitt løyvet er vurderinga vurdert som tilfredsstillande og minste avstand til nabogrense er 4 meter slik at det ikkje bryt med pbl § 29-4. Bygget er også innafor dei generelle krava til høgde i same paragraf.

Når det gjeld dette med lukt og støyplager så ser vi ikkje at tiltaket verken vil føre til nokon betydeleg endring eller kva ein kan forvente frå ein landbrukseigedom. Saka er også diskutert med landbrukskontoret som ikkje har nokon merknadar til tiltaket.

Etter det vi kan sjå er det ikkje kome fram nye moment i klaga som gjer grunn til endra haldning i saka og vi rår til at opphavleg vedtak vert ståande.

Ut frå argumentasjonen over finn vi heller ikkje nokon grunn til å gi utsettande verknad av løyve til klagehandsaminga er ferdig.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi til:

Tiltakshavar Trygve Helset
Nabo Jacob Kolbein Helset
Advokatfirmaet Holvik & Angelshaug AS

VOLDA KOMMUNE **UTV**
INGKAL

Saksnr. **17/1442**

Løpenr.

18 JUL 2017

Arkivdel: **BYGG**

DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 og SAK kap. 3

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan? ☐ Ja ☒ Nei

Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd

Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir sendt til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).

Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuarar? ☒ Ja ☐ Nei

Dersom nei på alle spørsmåla over, er løyve å sjå på som gitt tre veker etter at fullstendig søknad er motteken i kommunen

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Søknaden gjeld

Eigedom/ byggjestad	Gnr. 92	Bnr. 1	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune VOLDA
	Adresse NØRDALSVEGEN 41				Postnr. 6020 Poststad FOLKESTAD		

Mindre tiltak til bebyggd eigedom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3

Tiltaket si art

☐ Tilbygg < 50 m² ☐ Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m² ☐ Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)

☒ Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m², jf. pbl § 20-4 bokstav b) og SAK10 § 3-2

☐ Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)

☐ Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining

☐ Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1

☐ Oppretting/ending av matrikkeleining ☐ Grunn-eigedom ☐ Anleggs-eigedom ☐ Festegrund over 10 år ☐ Arealoverføring

Anna:

Planlagt bruk/formål **REIDSKAPSHUS + TILKOMSTVEG**

Arealdisponering

Set kryss for gjeldande plan

Planstatus mv. ☐ Arealdel av kommuneplan ☐ Reguleringsplan ☐ Utbyggingsplan

Namn på plan

Areal

BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
	165				165	

Vis berekning av grad av utnytting. Rettleiing finst på www.dibk.no eller kontakt kommunen

Grad av utnytting

Plassering

Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert

Vedlegg nr. Q -

Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert

Vedlegg nr. Q -

Avstand

Minste avstand til nabogrense	4	m
Minste avstand til anna bygning	8	m
Minste avstand til midten av veg	22	m

Dette skal visast på situasjonsplanen

Krav til byggjegrunn (pbl § 28-1)		
Flaum (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutsett område? ☒ Nei ☐ Ja	Vedlegg nr.
Skred (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutsett område? ☒ Nei ☐ Ja	Vedlegg nr.
Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? ☒ Nei ☐ Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og leidningsnett		
Tilkomst veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst ☒ Ja ☐ Nei	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: ☐ Riksveg/fylkesveg Er avkøyringsløyve gitt? ☐ Ja ☐ Nei ☒ Kommunal veg Er avkøyringsløyve gitt? ☐ Ja ☐ Nei ☐ Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei
Overvatn	Takvatn/overvatn blir ført til: ☐ Avløpssystem ☐ Terreng	
Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal berre fyllast ut for driftsbygning i landbruket, mellombels tiltak eller oppretting av matrikkeleining.		
Vassforsyning pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta ☐ Offentleg vassverk ☐ Privat vassverk* ☐ Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* ☒ Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vassstilførsel føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei	* Beskriv INGEN ENDRING Vedlegg nr. Q -
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta ☐ Offentleg avløpsanlegg ☐ Privat avløpsanlegg Skal det installerast vassklosett? ☐ Ja ☒ Nei Ligg det føre utsleppsløyve? ☐ Ja ☒ Nei Dersom avløpsanlegg føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei	Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader/innvilga dispensasjon	B	-	☐
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	-	☐
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	-	☐
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	-	☐
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	-	☐
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10 § 6-2 og pbl § 21-5	I	-	☐
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	☐
Andre vedlegg FØLGESKRIV TILKOMST/NABOVARSEL	Q	-	☐

Erklæring og underskrift		
Tiltakshavar		
Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggt teknisk forskrift og gitt løyve.		
Namn TRYGVE HELSET	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon 99394166
Adressa NØRDALSVEGEN 41	Postnr. 6120	Poststad FOLKESTAD
Dato 17.09.2016	Underskrift Trygve Helset	E-post trygvehelset@gmail.com
Gjenta med blokkbokstavar TRYGVE HELSET	Eventuelt organisasjonsnr. 984 018 681 MVA	

BESKRIVELSE AV TILTAKET PÅ 92/1.

Viser til hyggelig møte på planavdelinga angående dette no omsøkte tiltaket.

Vil med dette beskrive tiltaket og grunnlaget for behovet for redskapshus og driftsveg.

På gardsbruket blir det drive mjølk og kjøttproduksjon. I tillegg blir det drive med turisme med ein campingplass og utleigehytter.

Ved årsskifte hadde vi 48 storfe og vi driv 4 gardsbruk i tillegg til eget bruk. Føretaket disponerer tilsammen 274 dekar, til slått og beite. I tillegg blir det brukt store utmarksbeite areal.

Dette fører til at vi etterkvart har mykje naudsynt landbruksutstyr som treng lagringsplass. Dette er grunnen til at vi no ser behovet for omsøkte redskapshus.

Redskapshuset er planlagt oppført med minst 4 meter frå nabogrense og 8 meters avstand til anna bygning, som regelverket krev. (skravert på kartet.)

Då vi driv med turisme har vi sett behovet for å få ein driftsveg til og frå driftsbygningen utan å måtte kjøre gjennom tunområdet der det til tider ferdast mykje folk og born leikar.


I perioder er det snakk om store mengder tonnasje som skal inn og ut frå driftsbygningen. Vi ser for oss at denne driftsvegen blir stengd med bom eller grind når den ikkje er i bruk.(skravert på kartet).

Har lagt fram planane for landbruksavdelinga som var positive til tiltaket.



Når det gjeld merknad frå Jakob Helset, så kan eg ikkje sjå at den inneheld sakelige argument som kan diskvalifisere tiltaket.


Bjørkedal 17.07.2017.

Med vennlig helsing





Trygve Helset







Øst



Sør





Jakob Helset
Nørdalsvegen5
6120Folkestad

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 17/1442	Avg. UTV
Løpnr.	Shs. hegehal
16 AUG 2017	
Arkivdel: Bygg	
Klassering P:	
Klassering S:	

Volda Kommune
Teknisk etat
6100Volda


NABOVARSEL FRÅ TRYGVE HELSET GNR.92 brnr.1.

I tillegg til tidlegare kommentarar til saka, sender eg nye situasjonskart og bilete .

Eg meiner at saka er lite belyst frå søkjaren si side. Og vil peika på at begge bruk 1 og3 driv med reiseliv, styrt frå gardstuna. Begge partar skulle såleis ha interesse av å framstå som atraktive og velstelte, og ikkje gje eit dåreleg inntrykk. Vert dette huset oppsett vil vårt bruk nr.3 framstå som mindre atraktivt. Dette har med verdiane på bruket å gjera og kan få store økonomiske konsekvensar.

Det er heller ikkje opplyst noko om kva slags reidskap bygget skal innhalda. Men er det snakk om vanelege landbruksreidskap, er det råflått og nytta dyrkamarka her til slikt.

Helset15. august 2017



Jakob Helset




Oversiktskart Helset-tuna

Dato: 13.07.2017

Målestokk: 1:2000

Koordinatsystem: UTM 32N



Omsøkt
REIDSK.
HÅS.

© 2017 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap



Utskrift fra Norkart AS kartklient


Dato: 13.07.2017

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N



© 2017 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap





Bildet teke frå soverommet



Ingvild Kalvatn

Ingeniør

Utvikling

Direkte 70058761

www.volda.kommune.no

Fra: Trygve Helset [mailto:trygvehelset@gmail.com]

Sendt: 18. august 2017 14:27

Til: Ingvild Kalvatn

Emne: Re: Message from "RNP0026739B835B"

Hei, og takk for tilsendt vedlegg frå Jakob Kolbein Helset!

Viser til hyggelig telefonsamtale tidligere i dag og skal prøve å kommentere vedlegget.

Kan ikkje sjå at eit slikt omsøkt reidskapshus skal kunne forringe inntrykket av verken bruk nr 1 eller nr 3.

Tvert imot vil det sjå meir velstelt ut, om ein kunne få maskiner og utstyr i hus.

Som nemt i søknaden og pr telefon, har eg vore i kontakt med landbruksavdelinga som stilte seg positivt til tiltaket.

Ser ikkje grunn til å kommentere det noko vidare.

Med vennlig helsing

Trygve Helset

fre. 18. aug. 2017 kl. 13.40 skrev Ingvild Kalvatn <Ingvild.Kalvatn@volda.kommune.no>:

Hei!

Sender som avtalt kopi av merknad, sjå vedlegg.

Fint om de kan kort kommentere merknaden, før vidare handsaming.

Mvh

Ingvild Kalvatn

Sektor for utvikling

Volda Kommune

-----Opprinnelig melding-----

Fra: skanner@volda.kommune.no [mailto:skanner@volda.kommune.no]

Sendt: 18. august 2017 13:34

Til: Ingvild Kalvatn

Emne: Message from "RNP0026739B835B"

Denne e-posten ble sent fra "RNP0026739B835B" (MP C6003).

Skanningsdato: 18.08.2017 13:34:09 (+0200) Spørsmål til: skanner@volda.kommune.no



VOLDA KOMMUNE

Utvikling

Trygve Ludvig Helset
Nørdalsvegen 41
6120 Folkestad

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Vedtaksnr.	Avd/sakshandsamar	Dato
2017/1442	10780/2017	92/ 1	189/17	UTV/INGVKAL	29.08.2017

LØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVARSRETT

etter plan- og bygningslova § 20-4

Tiltak	Nytt bygg - driftsbygning i landbruket		
Byggestad	Nørdalsvegen 41, 6120 FOLKESTAD	Gnr/Bnr	92/1
Tiltakshavar	Trygve Ludvig Helset		
Adresse	Nørdalsvegen 41 6120 Folkestad		

DELEGERT VEDTAK

- A. Med heimel i § 21-4 i PBL av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter, vedtekter og delegasjonar, vert søknaden om løyve til oppføring av reiskapshus og avkjørsel, godkjend.
- B. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:
1. Situasjonsplan, vedlagt søknad.
 2. Plan-, snitt- og fasadeteikningar, vedlagt søknad.
- C. Det vert sett følgjande vilkår i saka:
1. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket vert plassert i samsvar med dette løyvet. Dersom tiltakshavar ikkje har naudsynt kompetanse, må utstikking verte utført av fagkyndige.
 2. Gebyr for sakshandsaming må betalast ved forfall.
- D. Før tiltaket kan takast i bruk, må søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels bruksløyve leverast inn og vere godkjent av kommunen, jf. § 21-10 i PBL.
- E. Med heimel i §§ 40-43 i veglova vert ny avkøyrsløse frå kommunal veg som vist på situasjonsplan, vedlagt situasjonsplan godkjent. Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

1. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med kommunen sin norm for slike før bygget blir teke i bruk (maks 1:8 stigning, med avflating 1:20 første meter frå ytre skulderkant og siste meter inn mot garasje)
2. Det må ikkje plantast busker, hekk eller liknande som hindrar den frie sikt for inn- og utkøyring frå tomte. (Jfr. veglova § 31)
3. Når det ved graving på eigedom mot veg vert så bratt skråning/ høg skjering at det er naudsynt å føre opp vegrekkverk, pliktar eigar å gjere det utan kostnad for kommunen. Kommunen avgjer omfang og utføring av arbeidet.

SAKSUTGREIING

Om søknaden og tiltaket

Frå tiltakshavar Trygve Ludvig Helset ligg det føre søknad, innregistrert 19.07.2017, om løyve til Nytt bygg - driftsbygning i landbruket. Søknaden omfattar oppføring av reiskapshus og etablering av ny avkjørsel til dette.

Saka var komplett for handsaming 23.08.2017.

Gjeldande plangrunnlag

Eigedomen ligg i eit område der det ikkje er godkjent reguleringsplan. Området er i kommunedelplan for Bjørkedalen vist som LNF-sone A.

Nabovarsling (pbl § 21-3)

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg føre merknad frå nabo Jakob Helset, Nørdalsvegen 51, eigar av gnr 92, bnr 3, datert 14.07.2017 og 15.08.2017. Merknaden går i hovudsak ut på følgjande:

- tap av utsikt, nabo meiner det vil verte støy og utslepp av skadeleg stoff vil auke. Hevdar også at bygninga er i strid med lovverket for helse, miljø og tryggleik- i tillegg til nabolova og forskrifter elles.

I den siste merknaden, står det slik:

-Eg meiner at saka er lite belyst frå søkjaren si side. Og vil peika på at begge bruk 1 og 3 driv med reiseliv, styrt frå gardstuna. Begge partar skulle såleis ha interesse av å framstå som atraktive og velstelte, og ikkje gje eit dåreleg inntrykk. Vert dette huset oppsett vil vårt bruk nr.3 framstå som mindre atraktivt. Dette har med verdiane på bruket å gjera og kan få store økonomiske konsekvensar.

Det er heller ikkje opplyst noko om kva slags reidskap bygget skal innhalda. Men er det snakk om vanelege landbruksreidskap, er det råflått og nytta dyrkamarka her til slikt.

Tiltakshavar sine kommentarar til merknader:

- Kan ikkje sjå at eit slikt omsøkt reidskapshus skal kunne forringe inntrykket av verken bruk nr 1 eller nr 3. Tvert imot vil det sjå meir velstelt ut, om ein kunne få maskiner og utstyr i hus.

Kommunen sine kommentarar til merknader:

- Tiltaket som er omsøkt er av slik art at det ligg innanfor intensjon i plan (LNF område). Tiltakshavar har plassert bygninga i tilstrekkeleg avstand til nabo. Kommunen finn såleis ingen heimel for å avslå tiltaket.

Tiltakets areal / bygningsopplysningar som vert ført i matrikkelen

Reiskapshus:

Utbygd areal (BYA): 165 m².

Bruksareal (BRA): 165 m².

Utforming av tiltaket / visuelle kvalitetar (pbl §§ (28-7,) 29-1 til 29-3)

Tiltaket er vurdert til å ha ei tilfredsstillande estetisk utforming.

Plassering av tiltak (pbl § 29-4)

Bygningens høgde og plassering er vurdert som tilfredsstillande.

Tilkomst og parkering (veglova §§ 40-43 og pbl §§ 27-4 og 28-7)

Eigedomen har tilkomst til kommunal veg. Avkøyrsløyve vert gitt på vilkår.

Vassforsyning og avløp (pbl §§ 27-1 og 27-2)

Bygninga skal ikkje ha innlagt vatn/avløpsordning.

Tiltaket medfører ingen ny eller endra situasjon når det gjeld VA.

Ferdigattest (pbl § 21-10)

Alle søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest som kommunen skal skrive ut når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon/erklæring frå tiltakshavar. Erklæringa må fyllast ut og sendast inn til kommunen før tiltaket kan takast i bruk. Ver venleg å nytte vedlagte skjema.

Sakshandsamingsgebyr

Reiskapshus	kr	4500,-
Sum sakshandsamingsgebyr	kr	4500,-

Faktura for sakshandsamingsgebyr vert ettersendt separat.

Dokumentliste

Søknad om løyve til tiltak m/ vedlegg, motteke 19.07.2017.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Ingvild Kalvatn
Ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi til:
-Jakob Helset

Vedlegg:

- Generelle opplysningar om bortfall av løyve og om klagerett
- Skjema for utfylling og retur ved ferdigstilling av tiltaket

Bortfall av løyve, jf. plan- og bygningslova § 23-1	
Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at rammeløyve / igangsetjingsløyve / løyve til tiltak er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år. Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.	
Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.	
Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane. Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomta / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal førast tilbake til sin opphavlege stand.	
Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.	

Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak	
Klagerett	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
Kven kan De klage til	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
Fristen til å klage	Klagefristen er 3 veker frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klage-fristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
Utsetjing av vedtak	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
Kostnader ved ev. klagesak	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkja vesentlege kostnader i samband med saka.
Klage til Sivilombodsmannen	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.

Erklæring om ferdigstilling av tiltak utan ansvarsrett, jfr. plan- og bygningslova § 20-4

Søknad om ferdigattest

Denne erklæring må sendast inn før tiltaket kan takast i bruk

Søknadspliktige tiltak skal avsluttes med ferdigattest, som utstedes av kommunen når det foreligger nødvendig sluttokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse fra tiltakshaver eller ansvarlig søker, jf Plan- og bygningsloven § 21-10.

Gnr.....

bnr.....

Saksnr.....

Tiltakshavar:

Telefon:

Adresse:

Postnr:

Stad:

Tiltak:

☐ Driftsbygning

☐ Mur

☐ Nybygg

☐ Tilbygg

☐ Levegg

☐ Bruksendring

☐ Terrasse

☐ Bod

☐ Naust

☐ Riving

☐ Uthus

☐ Anna

Kort skildring av kva som er utført:

(Foto kan nyttast som tilleggslokumentasjon til denne søknaden)

Sluttokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og reglane gitt i eller i medhald av denne lov, jf. Plan- og bygningsloven § 24-10

- ☐ **Eg stadfestar at det omsøkte tiltaket er utført i tråd med delegert vedtak nr....., og at tiltaket er i samsvar med SAK (byggesaksforskrift) og TEK (Teknisk forskrift) gitt i eller i medhald av plan- og bygningsloven.**

Tiltakshavar søker Volda kommune om utsteding av ferdigattest, jf SAK § 8-1

.....
Stad

/

Dato

Underskrift

Søknad leverast/sendast til: Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda

Hei,

Vedlagte brev sendes per post og e-post.

Med vennlig hilsen

Nina Prestegarden Vatne
Advokat

ADVOKATFIRMAET HOLVIK & ANGELSHAUG AS

Postboks 91

6101 Volda

Office: +47 57 84 92 90

Mob.: +47 48 23 52 86

Fax: +47 70 01 80 91

www.holvik.no

Innholdet i denne e-post er kun for adressatens/adressatenes bruk.

Meddelelsen kan inneholde konfidensiell informasjon og informasjon som i henhold til gjeldende lovgivning er underlagt taushetsplikt.

Andre enn adressaten/adressatene har ikke adgang til å lese eller videreformidle innholdet i denne e-posten. Dersom De ikke er den tiltenkte mottaker, vennligst kontakt avsender pr e-post, slett e-posten og ødelegg samtlige utskrifter og kopier av den.

ADVOKATFIRMAET HOLVIK & ANGELSHAUG AS

Medlemmer av Den Norske Advokatforening
Ulsteinvik

Måløy

Volda

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Måløy:

Advokat Paul-Inge Angelshaug
Advokat Endre Rutledal
Advokat Elisabeth Elliott
Adv.fullmektig Synnove B. Svarstad
Adv. assistent Ludmila L. Høydal

Ulsteinvik:

Advokat Hege Heian Notoy

Volda:

Advokat Hege R. Stenklov
Advokat Nina Prestegarden Vatne

Vår ref.: 4813/

Volda, 13. september 2017

Klage – Vedtak om løyve til tiltak uten ansvarsrett – vedtaksnr. 189/17

Det vises til vedtak fra Volda kommune datert 29.08.2017 hvor det gis løyve til bygging av redskapshus og ny avkjørsel fra kommunal vei. Vårt kontor bistår Jakob Helset som er eier av tilgrensende eiendom, gnr 92 bnr 3 i Volda kommune.

På vegne av Jakob Helset blir vedtak av 29.08.2017 påklaget. Klagen er rettidig.

Saksbehandlingen

Nabovarsel om tiltak ble sendt ut i rekommandert sending i fellesferien i juli 2017. Helset var på reise og det var helt tilfeldig at han kom hjem i tide til å inngi noen korte merknader. Helset reagerer på at tilfeldigheter ved tidspunkt for ferieavvikling i fellesferien kan være avgjørende for om en nabo får anledning til å gi merknader eller ikke.

Jakob Helset har gitt inn merknader ved brev datert 14.07.2017 og 15.08.2017. Merknadene er kort oppsummert i kommunens saksfremstilling, men blir ikke vurdert konkret. På vegne av Helset anføres at manglende vurdering av hans merknader er en saksbehandlingsfeil. Denne feilen medfører mangler ved begrunnelsen i vedtaket, og kan ha påvirket utfallet av saken, jf. fvl. §§ 24 og 41.

Rettslig

Det følger av pbl. § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne byggets plassering. På vegne av Jakob Helset anføres at kommunen i denne saken ikke har foretatt en tilstrekkelig vurdering av plasseringen av bygget etter pbl. § 29-4 første ledd første punktum. Ved godkjenning av tiltak etter pbl. § 29-4 første ledd skal det

Kontoret i Måløy:

Postboks 25
N 6701 Måløy
Gate 1 nr 108, 3. etg
Telefon: 57 84 92 90
Telefaks: 57 84 92 91

Kontoret i Ulsteinvik:

Postboks 349
N 6067 Ulsteinvik
Kyrkjegata 2
Telefon: 70 01 80 90
Telefaks: 70 01 80 91

Kontoret i Volda:

Postboks 91
N 6101 Volda
Halkjelsgata 1, 2. etg
Telefon: 57 84 92 90
Telefaks: 57 84 92 91

Org nr.: 992 617 853 MVA

Klientkonto Måløy: 3790 12 69611
Klientkonto Ulsteinvik: 3790 14 95891
Klientkonto Volda: 3790 17 42767
Felles e-post: post@holvik.no
Hjemmeside: www.holvik.no

gjøres en interesseavveining. Kommunen står fritt til å vektlegge alle hensyn som plan- og bygningslovgivningen skal ivareta, herunder hensyn til miljø og friluftsinnteresser og hensyn til nabo.

Når ulempene for omgivelsene ved omsøkt plassering er kvalifiserte, eller med andre ord tungtveiende, skal bygningsmyndighetene vurdere alternativ plassering. Hensyn til ulemper for nabo kan tillegges avgjørende vekt i denne vurderingen. Kommunen må som bygningsmyndighet vurdere ulempene for nabobruk konkret, herunder om ulempene kunne vært unngått med alternativ plassering og om tiltakshaver har saklig grunn til å påføre naboen ulempene.

I denne anledning vises til Sivilombudsmannens gjennomgang av det rettslige utgangspunkt og rammene for pbl. § 29-4 første ledd, samt interesseavveiningen som skal gjøres, i sak 2012/215.

Nærmere om virkningene av tiltaket for nabo

Det må innledningsvis understrekes at Jakob Helset ikke har innvendinger til at nabo Trygve Helset får bygge redskapshus annet sted på sitt tunområde. Det er kun den aktuelle beliggenheten nær tomtegrensen og våningshuset på bruk 3 som Jakob Helset reagerer på.

Ved plassering av redskapshus og ny avkjørsel nær grensen til bruk 3, vil det legges til rette for at all gjødseltransport og annen driftstransport vil foregå mellom våningshuset til Jakob Helset på bruk 3 og bruk 1 sin egen fjøs. Bruk 1 høster og steller fire gårder, og landbruksdriften er således betydelig. Driftsbygningen til bruk 1 ligger om lag 20 meter fra våningshuset til bruk 3. Det vil i praksis si at kommunens vedtak legger til rette for at all landbrukstransport på bruk 1 vil skje rett ved husveggen og hagen til bruk 3, se vedlagt kartsnitt med skravering.

Lukt og støybelastningen fra fjøset til bruk 1 er alt så stor at naboene på bruk 3 ikke kan ha åpne vindu nattetid. Bruk 1 har videre en vifte på taket som medfører plager med lukt og nedfall i tunet på bruk 3 fra fjøset på bruk 1. En økning av gjødseltransport og maskinbruk i området mellom fjøs på bruk 1 og våningshus på bruk 3 vil ytterligere øke belastningen på nabobruket. Selv om dette er landbruksområde, må kommunen påse at tiltak på ett bruk ikke medfører unødige ulemper for nabobrukene. Nye tiltak må utføres og plasseres slik at det så lang mulig tas hensyn til lys- og utsiktsforhold for nabobrukets hage/uterom, og det må påses at miljøbelastning som støy, lukt og nedfallsplager i bolig- og hageområdet blir minst mulig.

Helset ser det slik at hans bruk åpenbart vil få redusert verdi ved den aktuelle plasseringen av redskapshus og ny avkjørsel. I tillegg kommer til at ytterligere økning av støy og luktplager klart vil påvirke livskvaliteten og bolysten for bruk 3.

Jakob Helset er enig i at ryddige tun er en målsetting. I området hvor redskapshuset bygges har det imidlertid aldri vært «rot» til sjenanse. Det planlagte bygget vil imidlertid ta utsikt fra hus/hageområdet på bruk 3 og påvirke solforhold i hagen, i tillegg til nevnte plager for bomiljøet med lukt, støy og nedfall. Jakob Helset ser det slik at der er alternative plasseringer for bygget som vil være vesentlig mindre til ulempe for hans bruk, for eksempel nord-vest på bruk 1 sitt tunområde.

Slik bygget er planlagt, vil det også «stenge» den frie siktlinjen fra kommunal veil til Bjørkedalsvannet mellom tunene. Ved en endret plassering vil en kunne oppnå at bygget heller ikke hindrer slik sikt fra kommunal vei til Bjørkedalsvannet.

Det kan opplyses at begge bruk også tilbyr natur og opplevelser til turister. Kommunen bør være varsom med å tillate tiltak som kan påvirke natur og miljø, og som forfordeler den ene eiendommen fremfor den andre.

Samlet vil ulempene for bruk 3 klart være kvalifiserte, og ulempene for bruk 3 ved omsøkt plassering er tungtveiende hensyn som taler mot denne plasseringen av redskapshus og tilhørende avkjørsel.

Helset er meget skuffet over at kommunen ikke har benyttet sitt skjønn og sin styringsmulighet til å påse at bygninger legges slik at de ikke er til skade for naboer, både økonomisk og særlig med tanke på livs- og bokvalitet. Dette gjelder spesielt i dette tilfellet hvor der er alternative plasseringer av redskapshuset som vil gi vesentlig mindre belastninger for nabobruket. Vedlagte bilder hvor planlagt redskapshus er skravert inn, viser hvor dominerende redskapshuset vil være for våningshuset og hagen til Jakob Helset. Jakob Helset ber om at kommunen foretar synfaring i saken slik at kommunen ved selvsyn kan se virkningene av bygget for Jakob Helset sitt eiendom.

Da grunnarbeidet på stedet alt er igangsatt, bes det om at kommunen gir utsatt iverksettelse av vedtaket til det er gjennomført synfaring og kommunen har foretatt en tilstrekkelig vurdering av ulempene for bruk 3, jf. fvl. § 42.

Med vennlig hilsen
for Advokatfirmaet Holvik & Angelshaug AS

Nina P. Vatne

Nina Prestegarden Vatne
Advokat

Vedlegg



Se eiendom

informasjon fra matrikkelen og grunnboken

Tilbake


Frem

Oppfrisk

Hjem

Skriv ut

Hjelp



PROBLEMER MED UTSKRIFT I IE11

Grunnet kjent feil i InternetExplorer 11, kan utskrift feile. Benytt i såfall en annen nettleser som f.eks Chrome eller FireFox.

EIENDOMSGRENSER OG AREAL

Areal som oppgis i SeEiendom beregnes på grunnlag av registrert informasjon om eiendomsgrenser i matrikkelen. Det kan være feil eller mangler i grenseinformasjonen. Mangler grenseinformasjon helt blir areal beregnet ut fra vilkårlige hjelpelinjer eller vannkanter, hvilket også vil fremgå av arealmerknad. Ta kontakt med kommunen eller Kartverket dersom du mener eiendomsgrenser eller areal er feil.

[Mer informasjon om matrikkelen, eiendomsgrenser og areal](#)

GRUNNBOKEN

Du kan se hva som er tinglyst ved å finne en eiendom i kartet og klikke på "Vis mer informasjon om eiendommen". Når du deretter klikker på "Vis grunnboksinformasjon" blir du koplet opp mot ID-porten. Du kan gjøre 10 søk i grunnboken per innlogging.

[Mer informasjon om hva begrepene i grunnboken betyr og hva du må gjøre for å endre noe som er tinglyst](#)

[Ikke vis dette igjen](#)

Kart levert av:
Norsk Polarinstitutt
Kartverket

Oversikt

Tegnforklaring

100%

Datatrafikk

20 m
100 ft

61 59'50.9"N 06 04'41.3"Ø





260m



VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2017/2172	13596/2017	L19	SKAARA	17.10.2017

1519 - KJERNEOMRÅDE LANDBRUK - FAGRAPPORT KJERNEOMRÅDE LANDBRUK FOR VOLDA KOMMUNE

Politisk sak som skal til handsaming i Forvaltningsutvalet:
Saksnummer på opprettast i ePhorte for Volda kommune.

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Forvaltningsutvalet tek fagrapporten Kjerneområde landbruk for Volda kommune, dagsett 17.10.2017, til vitande, og ber om at rapporten vert teke inn som faktagrunnlag i arbeidet med ny kommuneplan.

Saksvedlegg:

1. Fagrapport – Kjerneområde landbruk for Volda kommune, dat. 17.10.2017
2. Høyringsbrev, e-post 25.09.2017

Samandrag av saka:

Landbrukskontoret Ørsta Volda har i samarbeid med m.a. Volda kommune laga fagrapport som syner kjerneområda for landbruket.

Saksopplysningar:

Siste åra har sentrale myndigheiter forsterka fokuset på jordvern med målsetjing om å redusere omdisponering av jordbruksareal.

I samfunnsdelen til kommuneplan for Volda kommune, har ein definert mål og strategiar for næring. Her har ein m.a. med følgjande målformulering knytt til landbruket:

- *Legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp til desse.*
- *Stimulere landbruksnæringa til å halde i hevd kultur- og naturlandskapet.*
- *Stimulere til berekraftig næringsutvikling og miljøtiltak innan jord-, skog- og havbruk.*
- *Sikre viktige jordbruksareal og naturtypar i kommuneplanen sin arealdel.*
- *Vurdere og sikre område som er viktige å oppretthalde/utvikle ut frå eigenverdi (biologisk mangfald, landskap, naturressurs) og som kjelde til friluftsliv.*
- *Sikre viktige jord- og skogareal for framtida.*

Eit viktig hjelpemiddel for å nå målsetjingane er at kommunane peikar ut kjerneområde landbruk. Fagrapporten vert då eit underlag og viktig innspel til arealplansaker og kommuneplanarbeid.

Ved å definere kjerneområde landbruk vil ein synleggjere viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap.

Dette er ein fagrapport, og ikkje ein plan for vern eller freding av areal.

Landbruket må sikrast areal for å produsere. Eit av føremåla med arbeidet er difor å syne areal som er viktig for å sikre ei meir langsiktig forvaltning av ressursane, vidare å motverke nedbygging av jord, forringing av kulturlandskap og tap av biologiske verdier.

Areal som ikkje er avmerka er ikkje fritt fram å omdisponere. Kjerneområde skal synleggjere areal som ein skal ha eit ekstra vaksamt blikk på - ut over det jordlova krev.

Det må presiserast at areal som ikkje er kjerneområde, og er viktige jordbruksareal, der jordvern etter jordlova gjeld som før.

I utviklinga av rapporten har ein siste året hatt fleire møte med tilsette i Utviklingsavdelinga i Volda kommune, for å få vurdert utvalet av kjerneområde og kriteria for utvala.

Utvalskriterium knytt til areal som er godt egna for matproduksjon:

- Jordsmonnet - alder, struktur og djupn
- Klima – temperatur og nedbør
- Helling – maskinell hausting og driftstilhøve
- Storleik og arrondering –(>100 daa samanhengande) (veg, gjerde, bekk, skog delar ikkje flate når avstanden mellom ulike areal er < 50 m)

Ein har sett krav til at områda må vere samanhengande og ha eit areal som er større enn 100 daa. Med samanhengande forstår ein areal, som ut frå kart synest å vere ei samanhengande flate. Vegar, gjerde, mindre vassdrag, landsskapsdrag med skog og kratt og liknande, deler ikkje opp eit areal som elles heng saman. Dersom avstanden mellom ulike dyrka areal er større enn 50 m, vert desse ikkje rekna som samanhengande. Større vassdrag er som regel delelinjer.

Utvalskriterium for verdifulle områder for landbrukets kulturlandskap:

- Lokalt, regionalt eller nasjonalt spesielle eller sjeldne kulturlandskap
- Kulturlandskap rike på freda kulturminner
- Artsrike slåtteengar/biologisk mangfald
- Kulturlandskap rike på nyare kulturelement (steingardar, bakkemurar, rydningsrøyser og andre element som fortel ei historie om landbruket)

Utdjuping og forklaring av utvalskriteria:

Ein ser etter områder med heilskaplege landskap som er prega av landbruksdrift, og meir spesifikke kvalitetar som: Historisk interessante driftsformer, verdifullt biologisk mangfald og spesielle kulturmarkar, t.d. seterområder, slåtteengar, naturbeiteområder, fornminner, og særprega tun- og bygningsmiljø.

Verdifulle kulturlandskap vil vere viktig for: Friluftsliv, rekreasjon, undervisning, reiseliv, næringsutvikling basert på matkultur, historie, estetikk og opplevingar.

Kjerneområda skal ha verdiar ”ut over det som er vanleg”.

Utkast til rapporten vart sendt ut på høyring til bondelaga og bonde- og småbrukarlag for Volda kommune. Ein fekk ikkje inn fråsegner frå faglaga.

Vurdering og konklusjon:

Arbeidet med fagrapporten har resultert i 36 områder med kjerneområde for jordbruksproduksjon på totalt 7.163 daa. Dette utgjer 62% av dyrkajorda som er i drift, og 49% av dyrkajorda i kommunen når ein og tek med areal som for tida er ute av drift.

34 områder er merka som kjerneområde med viktige kulturlandskap.

Som sagt i rapporten kan ein ikkje ta med alt areal, om rapporten og omgrepet kjerneområde skal ha nokon verdi må det skje eit utval. Då fell nokre areal utanfor. Hovudsakleg er dette areal som ligg litt for seg sjølv - slik at kriteria knytt til storleik ikkje slår inn.

Kommunen vonar at rapporten vil synleggjere areal som er viktige for jordbruket, og at det kan vere eit godt fagleg innspel i arealplanlegginga i kommunen. I samband med planarbeid har ein sakna eit slikt fagleg innspel som kan gi ei betre vurdering av ulike areal. Vonleg kan rapporten bidra til å skape meir langsiktige føresetnader for næringa. Matproduksjon er avhengig av areal, Der er vanskeleg å satse og investere i jordbruket om ein ikkje veit kva areal ein kan basere produksjonen på komande år.

Praktisk bruk vil no syne om rapporten fungerer i samsvar med formålet. Revidering vil verte vurdert.

For at fagrapporten skal ha ei politisk forankring vert den lagt fram for Forvaltningsutvalet, der framlegget er at utvalet tek rapporten til vitande.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



FAGRAPPORT:

KJERNEOMRÅDE LANDBRUK



REGISTRERING OG PRIORITERING AV VIKTIGE PRODUKSJONSAREAL I JORDBRUKET OG LANDBRUKETS KULTURLANDSKAP

Saksnummer i ePhorte: 2017/2172
Teke til vitande i Forvaltningsutvalet i sak x/17: 24.10.2017
Sist revidert:

INNHALD

1. Innleiing
2. Jordbruket i Volda
3. Organisering av arbeidet
4. Metode og gjennomføring
5. Tabell over kjerneområda
6. Samandrag
7. Oversiktskart

1. INNLEIING

Sentrale myndigheiter har forsterka fokuset på jordvern med målsetjing om å redusere omdisponering av jordbruksareal. Siste 10-åra er store areal med dyrka og dyrkbar jord omdisponert til anna bruk. Verdifulle kulturlandskap har vorte mindre verdifulle grunna byggeaktivitet og attgroing. Gjennom m.a. Landbruks- og matdepartementet er det nasjonale forventningar til at regional- og kommunal planlegging har tydelege målsetjingar om å redusere omdisponering av jordressursane og ivaretaking og vedlikehald av kulturlandskap.

I samfunnsdelen til kommuneplan for Volda kommune, har ein definert mål og strategiar. Her har ein m.a. med følgjande mål- og strategiformuleringar knytt til landbruket:

- *Legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp til desse.*
- *Stimulere landbruksnæringa til å halde i hevd kultur- og naturlandskapet.*
- *Stimulere til berekraftig næringsutvikling og miljøtiltak innan jord-, skog- og havbruk.*
- *Sikre viktige jordbruksareal og naturtypar i kommuneplanen sin arealdel.*
- *Vurdere og sikre område som er viktige å oppretthalde/utvikle ut frå eigenverdi (biologisk mangfald, landskap, naturressurs) og som kjelde til friluftsliv.*
- *Sikre viktige jord- og skogareal for framtida.*

Den dyrka marka er grunnlaget for matproduksjonen, og landbruket sitt kulturlandskap er viktig for reiselivet, rekreasjon og trivnad, kulturarv og identitet, og for det biologiske mangfaldet. Landbruks- og matdepartementet ønskjer at kommunane skal ha ei bevisst haldning og langsiktig tenking i bruken av landbruksareala.

Eit viktig hjelpemiddel for å nå målsetjingane er at kommunane peikar ut **kjerneområde landbruk**.

Med å definere **kjerneområde landbruk** vil ein synleggjere viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap.

Kommunen vil gjennom fagrapport kjerneområde landbruk i Volda kommune, peike på areal som er særleg godt eigna for matproduksjon og verdifulle som kulturlandskap.

Formålet er å syne desse viktige areala. Det må presiserast at dette er ein fagrapport, og ikkje ein plan for vern eller freding av areal. Rapporten legg ikkje band på areal og er ikkje juridisk bindande.

Landskapstypar kan vere sjeldne eller særeigne lokalt, og difor verdifulle. Andre landskap kan tvert om synast å vere ordinære lokalt sett, men når ein ser med regionale eller nasjonalt auge er landskapet særmerkt. Både desse typar landskap bør fangast opp i kjerneområda.

Landbruket må sikrast areal for å produsere. Eit av føremåla med arbeidet er difor å peike på viktige områder for landbruket slik at ein kan få ei meir langsiktig forvaltning av ressursane, vidare å motverke nedbygging av jord, forringing av kulturlandskap og tap av biologiske verdiar.

Rapporten skal vere eit fagleg underlag i forvaltning og planlegging, m.a. i arealplansaker.

Det at eit område ikkje er merka som kjerneområde skal ikkje å forstå slik at det er verdilaust og fritt fram å omdisponere. Når ein no vel ut kjerneområde vil ein synleggjere **areal som ein skal ha eit særleg vaksamt blikk på - ut over det jordlova normalt krev.**

Det må presiserast at areal som ikkje er kjerneområde, og er viktige jordbruksareal, der jordvern etter jordlova gjeld som før.

Ein har ikkje teke stilling til kor lenge rapporten skal gjelde, men det er naturleg å vurdere behovet for revisjon ved utarbeiding av neste planstrategi for Volda kommune.



Foto:
Landbrukskontoret Ørsta Volda

2. JORDBRUKET I VOLDA

Volda er ein typisk sunnmørskommune med mange og hovudsakleg små bruk; totalt om lag 554 landbrukseigedomar med dyrka jord. Vidare er det rundt rekna 104 som søker om produksjonstilskot. Ut frå arealressursstatistikk har kommunen eit samla jordbruksareal på 21.329 daa (13.944 daa fulldyrka, 584 daa overflatedyrka og 6.801 daa innmarksbeite).

Då talet på aktive produsentar er lågt i høve til talet på eigedomar - har vi utstrakt bruk av leigejord. Mange har arealgrunnlaget som drifta er basert på, fordelt på mange ulike eigarar/eigedomar og der igjen fordelt på fleire teigar. I høve til landsmålestokken har Volda-jordbruket små jordressursar som gjer at ein er avhengig av jordleige og ein får areal fordelt på mange ulike teigar. Eigedomsstrukturen og omfanget av jordleige gjer at det er store utfordringar knytt til det å drive eit effektivt og rasjonelt jordbruk i kommunen.

I dag er situasjonen den at 100% av jordbruksareala vert nytta til grasproduksjon/grovfôrproduksjon. Kommunen har nesten ikkje åkerdrift, og det lite som er av korndyrking er som grønfôr.

Jordbruksarealet som er i drift er på 15.100 daa. Av dette er vel 11.200 daa fulldyrka jord, 300 daa overflatedyrka jord og 3.600 daa innmarksbeite (dvs 71% av totalt jordbruksareal).

Arealressursstatistikken for Volda syner at den dyrka jorda berre utgjer 2,8% og innmarksbeita 1,3% av det totale arealet for kommunen. Jordbruksarealet utgjer ein berre ein liten del av landarealet, og desto viktigare er det å bevare desse areala som produserer livsviktige varer.

Hovudproduksjonane i Volda kommune er basert på grovfôr, med mjølkeproduksjon som den største. Vi har om lag 530 kyr som produserer ikring 3,8 mill. liter mjølk. I tillegg vert det produsert 0,34 mill. liter geitemjøl. Vidare har vi om lag 1.700 vaksne sauer. Kommunen har 2 aktive svineprodusentar. Slakteleveransen frå jordbruket er årleg på 390 tonn.

Landbruksnæringa sysselset om lag 94 årsverk i primærproduksjonen, og omsetnaden i fyrste lekk utgjer 58 mill. kroner.




Foto:
Landbrukskontoret
Ørsta Volda

3. ORGANISERING AV ARBEIDET

Administrativt vert rapporten utarbeidd av tilsette ved landbrukskontoret. Ein har henta innspel frå tilsette ved utviklingsavdelinga i Volda kommune.

Før rapporten går til politisk handsaming var det naturleg å høyre representantar frå fagлага i landbruksnæringa; representantar frå bonde- og småbrukarlaget, og bondelaga i kommunen. Utkast til rapporten vart sendt på høyring til desse.

Forvaltningsutvalet vil få rapporten framlagt når arbeidet er ferdig.



Kvennhus Koppen

Foto:
Landbrukskontoret Ørsta Volda

4. METODE OG GJENNOMFØRING

Arbeidet med fagrapporten om kjerneområde landbruk tok til i hausten 2016. Målsetjinga er å ha rapporten klar hausten 2017.

Landbruksforvaltninga har drøfta og vurdert ulike kriteria for utval av kjerneområde innan 1) *Areal godt egna for matproduksjon* og 2) *Verdifulle områder for landbrukets kulturlandskap*:

I arbeidet har ein brukt rettleiaren for kjerneområde landbruk frå Landbruks- og matdepartementet. Denne rettleiaren gjev rettleiing for arbeidet med å registrering og prioritering av viktige areal for jordbruket.

Ein har nytta tilsvarende plan for Ørsta kommune som mal. Denne vart i si tid utarbeidd ut frå nyttig informasjon frå tilsvarende arbeid i nabokommunane Sykkylven og Stranda. Desse kommunane har same topografi og landskap som Volda og det har vore naturleg å samanlikne seg med desse andre sunnmørskommunane.

Metode og gjennomføring av utval:

1) Areal godt egna for matproduksjon:

Fokus skal her vere på areal som kan nyttast til matproduksjon. Her vil t.d. faktorar som jordsmonnet, klima, terreng, arrondering og storleik telle med når ein skal sei noko om arealet er egna for aktuell vekst og drift. Som tidlegare sagt er brorparten av areala no i bruk som eng til grovfôrproduksjon. Samstundes veit vi at ein del areal har dei kvalitetane som trengs om matkornproduksjon eller åkerbruk skulle verte aktuelt i framtida.

Volda er ein landkommune der klima er variert. Kommunen har eit typisk fjordlandskap. Snøforholda kan variere mykje mellom bruka ved sjøen og bruka lenger oppe i dalane. Dei høge fjella og djupe fjordane gjer at ein både har lune bygder, medan andre stadar kan sola vere borte store delar av året. Variasjonen gjer at ein på dei varmest stadane normalt kan starte 1. slått i fyrste del av juni medan seine stader må vente 3-4 veker lenger. Volda har og hatt fleire fôrdyrkingslag som har dyrka opp jord i høgreliggjande setredalar. Her kan ein ofte berre rekne med 1 slått for året.

Generelt kan vi seie at jorda med høgst kvalitet som regel er lokalisert til flatene/dalbotnane nedst mot fjordane. Det var her dei fyrste jordbrukarane slo seg ned. Dette er dei mange fornminna indikasjon på. Matjord vert bygd opp over lang tid. I desse fyrste områda har jordsmonnet hatt høve til å opparbeidd seg høg kvalitet som matjord.

Utvalskriterium:

- Jordsmonnet - alder, struktur og djupn
- Klima – temperatur og nedbør
- Helling – maskinell hausting og driftstilhøve
- Storleik og arrondering –(>100 daa samanhengande) (veg, gjerde, bekk, skog delar ikkje flate når avstanden mellom ulike areal er < 50 m)

Utdjuping og forklaring av utvalskriteria:

Områda bestå av fulldyrka areala som er godt egna til grovfôrproduksjon/jordbruksdrift. Fulldyrka jord er jordbruksareal som er dyrka til vanleg pløvedjupn, og kan nyttast til åkervekstar eller eng, og som kan fornyast ved å pløye.

I utveljing av kjerneområda har ein sett krav til at kjerneområda må vere > 100 daa. Områda må vere mest mogleg samanhengande ut frå markslagsbasen AR5 og ortofoto.

Ein tillet vegar, gjerde, mindre vassdrag, skog og kratt, og gardstun/landbruksbygningar inne i flata. Desse elementa splitter ikkje flata så lenge køyreavstanden mellom dei dyrka areala er < 50 m. Høgdeskilnader/reinekantar, større vassdrag utan bru, busetnad av eit visst omfang og andre "større" element som krev lengre omkøyning - deler flater, sjølv om ein i luftline har kort avstand mellom dyrka areal. Når avstanden/køyreavstanden mellom dyrka areal vert > 50 m, har ein ikkje ei samanhengande flate. Kjenneteiknet på eit kjerneområde er at det kan driftast meir rasjonelt og effektivt enn andre areal.

Dersom all dyrka jord vart markert som kjerneområde var hensikta borte. Kriteria ved utval av kjerneområde må vere slik at ikkje alt areal kjem med. Dette resulterer i at verdifulle jordbruksareal som t.d. flatene på Helset som ligg ved Bjørkedalsvatnet ikkje er med. Flata er her < 100 daa og den ligg nært kjerneområde, men avstanden er for lang grunna mellomliggjande tunareal.

Viktige jordbruksareal er funne og avgrensa ved bruk av kartdata. Markslagsbasen AR5 som inneheld opplysningar om kva markslag som ligg føre og ortofoto er viktige datagrunnlag for arbeidet. Dei stadene det er utført jordsmonnkartlegging så vil denne gi informasjon om kvalitet på jordsmonn desse stadene.

Definisjonen ovanfor inneheld noko skjønn. Vi trur likevel at ein slik kan kome fram til ei objektiv utveljing av kjerneområde. Reint teknisk redigitaliserer ein AR5-flatene ved å samle og samanføye desse slik retningslinene ovanfor beskriv.



Frå Flatdalsætra

Foto:
Berit Sandvik Skeide

2) Verdifulle områder for landbrukets kulturlandskap

For kategorien kulturlandskap kan det vere vanskeleg å setje objektive kriterium. Med kulturlandskap meiner vi her landskap som landbruksaktivitet over tid har skapt. Tidsramma kan vere høgst ulik, der nokre landskap har lang historie, medan andre områder er av nyare dato.

Vårt mandat har vore å peike på større og mindre områder i kommunen som vi meiner er viktige slik at dei som skal forvalte områda tek særleg omsyn. For dei mindre områda kan det vere eitt eller fleire element som har vore avgjerande. For større samanhengande områder er det ofte heilskapen og kombinasjonen av fleire element som har vore avgjerande. Slike landskap vil ofte fortelje ei historie frå landbruksdrifta på staden.

Utvalskriterium:

- Lokalt, regionalt eller nasjonalt spesielle eller sjeldne kulturlandskap
- Kulturlandskap rike på freda kulturminner
- Artsrike slåttengar/biologisk mangfald
- Kulturlandskap rike på nyare kulturelement (steingardar, bakkemurar, rydningsrøyser og andre element som fortel ei historie om landbruket og arbeidet med å etablere jordbruksareal)

Utdjuping og forklaring av utvalskriteria:

Eit kulturlandskap sin verdi avheng mellom anna av kven det har verdi for, og kva kriterium ein tek utgangspunkt i. Ein ser etter områder med heilskaplege landskap som er prega av landbruksdrift, og meir spesifikke kvalitetar som: Historisk interessante driftsformer, verdifullt biologisk mangfald og spesielle kulturmarkar, t.d. seterområder, slåttengar, naturbeiteområder, fornminner, og særprega tun- og bygningsmiljø.

Verdifulle kulturlandskap vil vere viktig for: Friluftsliv, rekreasjon, undervisning, reiseliv, næringsutvikling basert på matkultur, historie, estetikk og opplevingar.

Kjerneområda skal ha verdier "ut over det som er vanleg".

Til å finne viktige kulturlandskap har ein nytta kartdata og lokalkunnskap. Her har ein henta informasjon frå ulike kjelder som Askeladden (freda kulturminne), Direktoratet for naturforvaltning (nasjonalt og regionalt viktige kulturlandskap), Naturbasen (slåttemark), Setrerapporten, NIBIO (Kilden), m.fl.









Veg i kulturlandskap



Foto:
Landbrukskontoret
Ørsta Volda




5.TABELL OVER KJERNEOMRÅDA




1)AREAL GODT EGNA FOR JORDBRUKSPRODUKSJON – MARKERT MED GRØN LIGGJANDE SKRAVUR



Nr	Gardsnamn Gnr	Storleik-flater - kvalitetar - fakta	Utfyllande informasjon – avgrensing	Kartutsnitt
1	Eidem, Berkvika Gnr 5, 6	139 daa fordelt på 10 flater Frå 110 – 215 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Gjeld areal oppe på eidet mellom Bjerkvik og Sørheim. Noko er bratt. Jord frå 5 eigedomar.	
2	Eikrem, Håskjold Gnr 7, 8, 9, 10	191 daa fordelt på 6 flater Ei større flate, mange små flater. Frå 90 – 235 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Gjeld areal i dalen. Noko er våtlendt i dalsøkket. Jord frå 10 eigedomar.	
3	Mork, Ekset, Liaskar Gnr 11, 12, 13, 14	1.007 daa fordelt på 26 flater Frå 5 – 145 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, marin strandavsetning	Mange store samanhengande areal. Lang vekstsesong. Høg kvalitet. Strekjer seg frå fjorden og opp til grensa mot Ørsta.	



4	Rotset Gnr 30	140 daa fordelt på 7 flater Frå 20 – 75 m.o.h. Jordsmonn: Marin strandavsetning, breelvavsetning	Sentrumsnært, samla areal	
5	Rotevatn Gnr 27	To areal delt av Rotevasselva: 134 daa fordelt på 8 flater og 155 daa fordelt på 11 flater. Teigdelt Frå 55 – 130 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, marin strandavsetning, elveavsetning	Sentrumsnært, nær tettbygde areal. Sør for fylkesvegen.	
7	Fremmerlida Gnr 23	143 daa fordelt på 3 flater To større flater Frå 205 – 250 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, myrjord		




8	Homerset, Vasstein Gnr 32, 33	188 daa fordelt på 10 flater Frå 0 – 60 m.o.h. Jordsmonn: Marin strandavsetning		
9	Hjorthaug Gnr 38	119 daa fordelt på 5 flater Frå 0 – 65 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord		
10	Hjellbakkane, Nes, Langvatn Gnr 50, 51, 52	420 daa fordelt på 13 flater Frå 20 – 70 m.o.h. Jordsmonn: Hav og fjordavsetning	Fint jordbruksareal, fleire større flater. Område delt av E 39	




11	Nøre Kalvatn Gnr 56	113 daa fordelt på 6 flater Frå 70 – 90 m.o.h. Jordsmonn: Elveavsetning	Flatt til svakt hellande areal. Oppdelt av elvar.	
12	Søre Kalvatn Gnr 59	188 daa fordelt på 14 flater Frå 70 – 125 m.o.h. Jordsmonn: Breelvavsetning, morene og skremateriale	Flatt til svakt hellande areal	
13	Grøndalen Gnr 59	150 daa fordelt på 4 flater Frå 425 – 465 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, elveavsetning, mindre myrparti	Svakt hellande areal. Fôrdyrkingslag Ei avling	



14	Gjersdalen Gnr 62	110 daa fordelt på 8 flater Frå 20 – 50 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Dårleg arrondering.	
15	Engjaberg, Høybakk, Sundal Gnr 63, 64, 65	151 daa fordelt på 1 flate Frå 30 – 60 m.o.h. Jordsmonn: Breelvavsetning	Større samanhengande areal.	
16	Skinnavikdalen	112 daa fordelt på 4 flater Frå 345 – 415 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, breelvavsetning	Hellande areal. Fordyrkingslag Høgare liggjande område, men haustar to avlingar.	



17	Håvika Gnr 77	167 daa fordelt på 8 flater Frå 15 – 180 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Brattlendt	
18	Høydalsdalen Gnr 81	112 daa fordelt på 3 flater Frå 60 – 120 m.o.h. Jordsmonn: Elveavsetning, skremateriale	Større flate mot elva. Svakt hellande	
19	Nøre Bjørkedal Gnr 91	174 daa fordelt på 15 flater Blanding av små og mellomstore flater. Frå 26 – 85 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord og breelvavsetning.	Svakt hellande til bratt areal.	



20	Helset og Løset Gnr 92 og 93	110 daa fordelt på 4 flater Blanding av større og mindre flater. Frå 26 - 40 m.o.h. Jordsmonn: Elv og breelvavsetning	Flater på både sidene av Stigedalselva med god bru mellom, som knyt saman. (Resten av jorda på Helset får for lang avstand jmf kriterier ein har sett, men er av høg kvalitet).	
21	Søre Bjørkedal Gnr 95	126 daa fordelt på 6 flater Fleire større flater Frå 26 - 100 m.o.h. Jordsmonn: Elv og breelvavsetning	Det meste av arealet er svakt hellande. Delt i syd for Laurdalselva	
22	Søre Bjørkedal Gnr 95	187 daa fordelt på 10 flater Fleire større flater Frå 26 - 75 m.o.h. Jordsmonn: Elv og breelvavsetning	Mykje av arealet er svakt hellande og lettdrive. Nord for Laurdalselva	

23	Flotane, Nedste Flotane, Indre Folkestad Gnr 103, 104, 106	249 daa fordelt på 8 flater Fleire store flater Frå 100 - 310 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord	Svakt hellande til bratt areal. God arrondering. 1	
24	Holen/Indre Folkestad Gnr 105, 106	109 daa fordelt på 8 flater Ei stor flate, resten mindre flater Frå 50 - 140 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord.	Svakt hellande areal.	
25	Flotane, Nedste Flotane, Holen Indre Folkestad Gnr 103, 104, 105, 106	167 daa fordelt på 3 flater Stort areal, delt av driftsveg. Frå 270 - 345 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord og forvittringsmateriale	Svakt hellande areal i Folkestaddalen.	




26	Ytre Folkestad, Reitane, Brenne Kongsvollen, Åsebøen, Bjørnanakken Gnr 107, 108, 109, 110, 111	273 daa fordelt på 22 flater Blanding av større og mindre flater. Frå 40 - 175 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, elv og breelvavsetning.	Svakt hellande areal.	
27	Ytre Folkestad Kongsvollen Gnr 107, 110	171 daa fordelt på 4 flater Ei stor og ei mindre flate. Frå 310 - 430 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, mindre areal m/forvittringsmateriale.	Svakt hellande areal i Folkestaddalen. Høgreliggjande. Mykje dyrkbar jord i området.	
28	Hjellane, Brunene Gnr 127, 128	272 daa fordelt på 17 flater Fleire større og mindre flater. Frå 140 - 300 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, myr	Svakt hellande areal. Mykje dyrkbar jord i dalen her.	




29	Steinsvika Gnr 131	151 daa fordelt på 5 flater Fleire større flater. Frå 0 - 60 m.o.h. Jordsmonn: Elveavsetning.	Flatt og lettdrive	
30	Lisjebøen, Reitane, Indre Dravlaus Gnr 144, 145, 146	208 daa fordelt på 15 flater Variert storleik på flatene Frå 0 - 55 m.o.h. Jordsmonn: Breelv- og elveavsetning.	Hellande areal. Noko oppdelt.	
31	Sætre Gnr 152	170 daa fordelt på 7 flater Større samanhengande areal rundt tunet. Frå 0 - 65 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord, elveavsetning	Hellande areal. Solvendt og tidleg.	




32	Nakken Gnr 156	182 daa fordelt på 7 flater Ei stor og fleire mindre flater. Frå 110 - 165 m.o.h. Jordsmonn: Ikkje spesifisert.	Nokre myrlendte parti.	
33	Løndalen, Nakken, Lauvstad Gnr 155, 156, 157	163 daa fordelt på 8 flater To større flater Frå 120 - 185 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord		
34	Haugen, Espenakken, Ulvestad Gnr 158, 159, 160	239 daa fordelt på 17 flater Blanding av større og mindre flater. Frå 60 - 220 m.o. h. Jordsmonn: Morenejord.	Noko er bratt elles bra solvendt.	




35	Ulvestad, Torvika Gnr 160, 161	308 daa fordelt på 20 flater Fleire større flater Frå 0 - 105 m.o.h. Jordsmonn: Marin strandavsetning, breelvavsetning. Morene.	Viktig produksjonsareal.	
36	Velsvika Gnr 167	138 daa fordelt på 11 flater Blanding av større og mindre flater. Frå 0 - 45 m.o.h. Jordsmonn: Morenejord og marin strandavsetning.		



2) VERDIFULLE OMRÅDER FOR LANDBRUKETS KULTURLANDSKAP - MARKERT MED BLÅ STÅANDE SKRAVUR



Nr	Stad	Kvalitetar	Foto	Kartutsnitt
1	Yksnøya Gnr 1	Fjordnært kulturlandskap. Naturtype: strandeng på Yksnøya nordvest (svært viktig). Vitnar om fiskarbonden – kombinasjon fiske og småbruk. Steingardar.	 Foto: Øystein Venås Sørensen (HiVolda)	
2	Kleppedalen/ Nordalen Gnr 17	Naturtype: Naturbeitemark – svært viktig, bjørkehage. Til tross for sterk attgroin som forringar lokaliteten vert verdien sett til svært viktig grunna raudlisteartar. Sørvendt, lun og varm med mosaikk	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	
3	Tømmerbakken Gnr 23	Kulturpåverka jordbrukslandskap Naturtype: viktig slåttemark, Naturbeitemark Tilnærma intakt slåtteeng. Har skjøtselsplan.	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	


4	Nedrelid, Hoggen Gnr 25 og 26	Særmerka med ei rekkje store markante steingardar, rydningsrøyser	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	
5	Homborsset Gnr 32	Kulturpåverka jordbrukslandskap, beitemark - geitebeite. Naturtype: Svært viktig hagemark	 Skjermdump Google Street View	
6	Furneset Gnr 34	Fjordnært kulturlandskap, fyrlykt - dyrka jord	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	



7	Hjartå (Hjorthaug) Gnr 38	Gravrøyser i tunteigane	 Skjermdump Google Street View	
8	Ullalandsetra Gnr 39	Kulturpåverka setreområde Naturtype: naturbeitemark	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	
9	Skjeret og Selvika Gnr 40 og 41	Fjordnært kulturlandskap Naturtype: naturbeitemark. Skjeret ligg solvendt og varmt, bratt terreng. Frukttre og rydningsrøyser.	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	



10	Årsetøya	Fjornært kulturlandskap Rikhald av bygningar for jordbruk, fiske, mv. Årsetøysamlingane.	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	
11	Kvivsdalssetra	Kulturpåverka setreområde Godt bevart seter med sel på rekkje. Siste setra som har hatt drift i Volda	 Foto: Berit Sandvik Skeide	
12	Osdalen Gnr 58	Klyngetun (grunna rasfaren) og beitemark. Naturtype: naturbeitemark Stort område på austsida som er tydeleg prega av beiting med geit og sau.	 Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	




13	Osdalsetra Gnr 58	Kulturpåverka setreområde Naturtype: naturbeitemark. Intakt beitemark med typisk flora. Fleire sel, lett overflatedyrka med noko stein.		Fjøs Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	
15	Botnasetra og Skinvikstøylen Gnr 70 - 73	Kulturpåverka setreområde Godt bevart støylen		Botnasetra Foto: Landbrukskontoret Ørsta Volda	
16	Brundalstøylen (Innstøylen) Gnr 89	Kulturpåverka setreområde Godt bevart støylen	Foto kjem		



17	Fladalsetra (Bjørkedalen) Gnr 91, 92	Kulturpåverka setreområde Ei av dei eldste setrane i Volda kommune, i alle høve frå før 1500 talet.		
			Foto: Berit Sandvik Skeide	
18	Eidseflot Gnr 94	Gard med eldre bygningsmiljø Oppgangssag mv langs elva, lite gardsmuseum. Fosseeng langs elva ovanfor tunet.		
			Skjermdump frå Google Street view	
19	Laurdalsetra Gnr 95	Kulturpåverka setreområde		
			Foto: Berit Sandvik Skeide	


20	Kile Gnr 96	Kulturprega jordbrukslandskap Sauebeite. På Øvre Kile naturbeitemark (lokalt viktig). Lokaliteten er relativt artsrik med innslag av naturengplangar og beitemarksopp.		
21	Mjeltevika 96/6 og 96/12	Slåttemark Naturtype: Slåttemarkar, med frisk fattigeng (lokalt viktig) Eit lite gardsbruk med restar av artsrik slåtteengar. Fleire typiske naturengplantar førekjem ganske vanleg. Lokaliteten er i hevd og har god slåttemarkstruktur, og i alle fall delar av han har eit fint artsmangfald. Lokaliteten vitnar godt om korleis norsk småskalalandbruk blei driven for ein del tiår sidan, sjølv om det heilskaplege jordbrukslandskapet er i ferd med å tapa seg		
22	Bøen/Rønstad, Folkestad 116/4 og 116/5	Slåttemark, eldre bygningsmiljø Naturtype: Slåttemark, frisk fattigeng (viktig) Arealet kan seiast å vere ein del av eit heilskapleg landskap, med gamle bygninar, steinutgardar, rydningsrøyser og steinmurar. Rønstadbakkane har godt bevart gardstun.		

23	Løndalen, Folkestad Gnr 115	Slåttemark Naturtype: Slåttemark, frisk fattigeng (viktig). Lokaliteten har ein storleik og ei plassering i landskapet slik at landskapet vert prega av denne.	 Foto: Finn Oldervik, Bioreg AS	
24	Nautvika Gnr 118 og 119	Fjordnært kulturlandskap	 Skjermdump: Google Street View	
25	Rossetvik Gnr 120	Fjordnært kulturlandskap	 Skjermdump: Google Street View	

26	Dalberg Gnr 121	Fjordnært kulturlandskap	 Skjermdump: Google Street View	
27	Fjøsneset og Litleneset Gnr 129	Fjordnært kulturlandskap	 Skjermdump: Google maps 3D	
28	Dansen	Kulturpåverka setreområde. Sel samla på høgde.	 Foto: Berit Sandvik Skeide	

29	Åmelfoten Gnr 136	Beitemark Naturtype: naturbeitemark (lokalt viktig). Beitemark med god kontinuitet, relativt artsrik på beitemarksoppar som representerer denne naturtypen.	 Skjermdump: Google Street View		
30	Mårstøylen Gnr 137	Fjordnært kulturlandskap Bakkemurar	 Skjermdump: Google Street View		
31	Korsfurtunet	Gardstun. Korsfurtunet er eit verna lite gardsbruk frå kring 1860-70 talet. Det særmerkte med tunet er at på same golv finn ein både stove, låve og fjøs.	Foto kjem		

32	Dravlauslida Gnr 147	Mindre bruk, som fortel ei historie Naturtype beiteskog (lokalt viktig) Gjeld skogsbeiteområda.		
33	Ytre Dravlaus Gnr 149 Vest for kyrkja	Gravrøyser i jordbruksområde	 Skjermdump: Google Street View	
34	Sætre (Timberhaugen) Gnr 152	Kulturpåverka område Naturtype: Beiteskog (lokalt viktig) Lokaliteten er mest interessant for å studere innvandring av beitemarksopp.		

35	Sætreåsen og Grøtholen Gnr 153 og 153	Kulturpåverka jordbrukslandskap Naturbeitemark på Grøtholen Brattlendt kulturmark, stadvis med naturbeitemark som ligg i ei austvendt li.		
----	---	---	--	--

6.SAMANDRAG

Arbeidet har resultert i 36 områder med kjerneområde for jordbruksproduksjon på totalt 7.163 daa. Dette utgjør 62 % av dyrkajorda som er i drift, og 49 % av dyrkajorda i kommunen når ein og tek med areal som for tida er ute av drift.

34 områder er merka som kjerneområde med viktige kulturlandskap.

Rapporten fortel at dei jordbruksareala vi har i kommunen er viktige for næringa, og avgjerande for langsiktig framtidig drift.

Som sagt har ein ikkje høve til å ta inn alt areal i rapporten. Om rapporten og omgrepet kjerneområde skal ha nokon verdi må det skje eit utval. Då fell nokre areal utanfor. Hovudsakleg er dette areal som litt for seg sjølv - slik at kriteria knytt til storleik ikkje slår inn.

Ein må og gjere merksam på at ein her ikkje har teke med dei viktige områda som alle innmarksbeita og all utmarksbeita utgjør. Volda har over 6.800 daa med innmarksbeiter som er avgjerande for husdyrhaldet.

Ein annan viktig arealressurs som ikkje er med i rapporten er dyrkbar jord. Dette er ressursar som det og er viktig å hegne om for framtidig matproduksjon.

Kommunen har målsetjing om at karta over kjerneområda skal vere tilgjengelege for ålmenta i digitale kart. Ein ser føre seg at områda med tida kan leggjast inn i t.d. Kommunekart eller Planinnsyn.

Kommunen vonar at rapporten kan synleggjere areal som er viktige for jordbruket, og at det kan vere eit godt fagleg innspel i arealplanlegginga i kommunen. Volda har tidlegare mangla ein slik rapport som fortel kva areala har å seie for landbruksnæringa. Vonleg kan rapporten bidra til å skape meir langsiktige føresetnader for næringa. Matproduksjon er avhengig av areal. Det er vanskeleg å satse og investere i jordbruket om ein ikkje veit kva areal ein kan basere produksjonen på i åra som kjem.


Praktisk bruk vil no syne om rapporten fungerer i samsvar med formålet. Ein er budd på at ny revisjon kan verte naudsynt om nokre år.


Volda, 17.10.2017


7.OVERSIKTSKART

Oversynskart over kjerneområda i Volda kommune sidene 31 – 33.

Viktige produksjonsareal med **grøn skravur** og viktige kulturlandskap som har sitt grunnlag i jordbruksdrift med **blå skravur**.







Børild Skåra

Fra: Børild Skåra
Sendt: måndag 25. september 2017 14:19
Til: 'erlenkop@tussa.com'; 'hege.slaattelid@hotmail.no';
'johnningen@gmail.com'
Kopi: Regine Solberg Aklestad
Emne: Høyring: Fagrapport kjerneområde landbruk for Volda kommune
Vedlegg: fagrapport_kjerneomr_Volda.docx.pdf

Til:
Volda og Dalsfjord Bondelag v/Erlend Koppen
Austefjord og Bjørke Bondelag v/Hege Slåttelid
Volda/Ørsta Bonde og Småbrukarlag v/John Inge Bjøringsøy
Volda kommune, Utviklingsavdelinga v/Regine Solberg Aklestad

Vi sender med dette ut på høyring eit utkast til fagrapport kjerneområde landbruk.

I samband med at det vert arbeidd med ny kommuneplan for Volda kommune er landbruksforvaltninga oppmoda om å lage ein fagrapport som syner kjerneområde for landbruk i kommunen. Rapporten vert laga etter same lest som tilsvarande rapport for Ørsta kommune.

Med å definere **kjerneområde landbruk** vil ein synleggjere viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap. Kommunen vil gjennom fagrapport kjerneområde landbruk i Volda kommune, peike på areal som er særleg godt eigna for matproduksjon og verdifulle som kulturlandskap.

Areal som er særleg godt egna for matproduksjon:
Her er det plukka ut 36 område. Kriteria for utvalet vert forklart på side 5 i rapporten.

Verdifulle områder for landbrukets kulturlandskap:
Her er det sett opp 35 område. Kriteria står på side 6.

Har vi valt rett?
Her treng vi hjelp frå dykk. Har de meiningar om områda som er med i rapporten.
Er det område som skal ut, eller er det andre område som de tvert om saknar og vil ha inn?
Meld frå om de har merknader til teksten eller anna.

Rapporten er langt frå ferdig ennå. Vi vil mellom anna redigere kartutsnitt slik at dei vert meir lesbare og prøve å få inn bilete frå dei fleste områda.

HØYRINGSFRISTEN VERT SETT TIL 9. OKTOBER!
Send eventuelle innspel til undertekna.

Målsetjinga er at rapporten skal ferdigstillast i midten av oktober og kome opp som sak i forvaltningsutvalet 24. oktober

Helsing

Børild Skåra
Rådgjevar
Landbrukskontoret Ørsta Volda

PS 75/17 Orienteringssaker

Orienteringssaker

**OS 13/17 Orientering frå Kommunalteknisk avdeling -
Kårstadvegen/Røystunvegen**